



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 463/3 9 Marås - arealoverføring - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.11.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-spreidd bustad område i kommuneplan for tidlegare Radøy kommune. Formålet med søknaden er makebyte av omlag 850m² mellom gbnr 463/3 og 9. Det er opplyst at arealet som vert søkt overført frå bnr.3 er teke i bruk av bustadeigedomen, bnr. 9, til mellom anna hage og garasje.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Deler av arealet som er ønska overført frå landbrukseigedomen til bustadeigedomen er registrert som fulldyrka mark i markslagkart. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Det ser ut til at arealet som ein søker å overføre har større landbruksverdi enn det som skal tilbakeførast. Vi vurderer det som uheldig å overføre fulldyrka mark til bustadeigedomen. Dette bør avgrensast i størst mogleg grad.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN